



Hardangerrådet iks



Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN  
[post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no)

## Uttale frå HR vedr. Regional Transportplan 2022-2033, Handlingsplan og investeringsprogram

Hardangerrådet viser til tidlegare innsendte høyringsuttalar vedr. RTP 2022-2033 og peikar på nytt på følgjande prioriteringar som regionrådet samla stiller seg bak.

### Plantema 1 – Fylkesvegnettet

Det viktigaste er sikre og opne vegar. Til sjukehus, skule og arbeid. Hardangerrådet meiner at det bør gjelda det same i vegpolitikken som det gjeld i sosialpolitikken. Alle må sikrast ein akseptabel standard før ein gjer det endå betre der det frå før er best. Alle skal ha brød før nokon få kake. Me krev ikkje firefeltsveg gjennom heile Hardanger. Me krev ikkje ein gong to felt eller gul stripe på alle vegane våre. Men me meiner at dei vegane me har skal vera framkomelege og trygge. Det må kunne regna og storma utan at vegane våre stengjer på grunn av rasfare. Det må kunne vera møteplassar slik at turisttilstrøyming eller omkøyning p.g.a stengd E16 ikkje fører til total stillstand og kork. Trafikkork og rasfare er ein dårleg kombinasjon

### Så: Trygge og rassikre vegar er viktigast for oss og vi prioriterer dei 2 viktigaste tiltaka for regionen slik:

1. Fv 49 frå Samnanger til Norheimsund gjennom Tokagjelet og vidare innover fjorden er særst viktig for oss Det er viktig for oss at dette rassikringsprosjektet framleis har topp-prioritet hjå Vestland fylkeskommune. Dette punktet har i dag høg rasfaktor. I tillegg er vegen også truga av utrasing av sjølve vegbana. Prosjektet må verta prioritert og det må vidareførast som eit samarbeidsprosjekt i mellom Kvam herad, Vestland fylkeskommune og staten.
2. Fv 49 mellom Folgefonntunnelen og Jondaltunnelen er eit hinder for ein viktig korridor hjå oss. Aksen Norheimsund – Odda vart for nokre år sidan trekt fram av Victor Norman som den viktigaste i regionen vår. Den har stort potensial til å knyta arbeidsmarknader og næringsklynger saman. I utkast til handlingsprogram for RTP 2022-2033 står det om Fv 49 Nordrepollen – Austrepollen; *“Vegen kan verta omklassifisert til riksveg. Det kan vere grunn til å avvente vedtak om utbygging av prosjektet fram til dette er avklart”*. Hardangerrådet krev at planarbeidet for utbetring/sikring held fram og at fylkeskommunen ikkje utset dette prosjektet. Vegen er i dag fylkesveg, og vil mest truleg vera det i ei rekkje

år framover. Dette er òg ein av dei dårlegaste vegane fylkeskommunen har ansvar for, med stor fare for liv og helse og stadig aukande trafikk. Me forventer at prosjektet vert høgt prioritet og ikkje stoppar opp.

- Elles vil Hardangerrådet på nytt minna om kva som pregar fylkesvegnettet i vår region:
  - o Betydeleg vedlikehaldsetterslep. Smale vegar der trafikken korkar seg ved stor sesongtrafikk.
  - o Stor rasfare på alle regionale hovudvegar (klasse B) 48, 49 og 79. Felles for dei er tidvise store ras – og eit stort rassikringsbehov.
  - o Stor rasfare også på dei fleste lokale hovudvegar og lokale samlevegar. Dette gjeld alle kommunane i Hardanger.

Kinsarvik 08.04.2022

Med fruktbar helsing  
frå Hardangerrådet

Roald Aga Haug  
rådsordførar  
Hardangerrådet iks signerar digitalt

Jostein Eitrheim  
dagleg leiar